



KLEIVEN GARD
Mykingvegen 857
5913 EIKANGERVÅG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Terje Natland, 5557 2168

Tilsegn om tilskot - Landbruksveg - Lindås kommune - Høghøyen skogsveg - Henning Kleiven

Viser til Dykkar søknad om tilskot til Høghøyen skogsveg klasse 4 datert 22/2- 2022.

Vedtak: Fylkesmannen gjev med dette tilsegn om inntil kr 450.000,- til Høghøyen skogsveg

Løyving: 60 % av kr 750.000,- = Kr 450.000,-
Løyvinga står ved lag i 3 år, fram til 1.6- 2022

Vi gjer merksam på at:

- Veglaget har oppgjeve ein kostnad for vegen på kr. 750.000.- dette gjev ein meterpris på kr 1.630.-. Dette er høgt, (om lag 25 % over) vanleg kostnad i fylket.
- Veganlegget er sett opp med 100 % skogdel.
- Fylkesmannen godkjenner ein vegkostnad på kr 750.000.- for dette anlegget som gjev grunnlag for eit tilskot på kr 450.000.-
- Tilskotet vert gjeve med inntil 60 % av godkjente kostnader.
- Veganlegget er med dette ferdig løyvd.
- Veglagsformann er ansvarleg for at innhaldet i løyvingsskrivet blir gjort kjent for deltakarane i veglaget
- Veglagsformann er ansvarleg for at det vert ført rekneskap for vegarbeidet, sjå rekneskapsinstruks på skjema for rekneskapsamandrag.
- Deler av tilskotet kan betalast ut etter kvart som arbeidet med vegen skrid fram
- Siste 10% av løyvinga vert ikkje betalt ut før veganlegget er ferdig godkjent
- Sluttutbetaling vert gjort etter at vegen er endeleg godkjent, og rekneskapsen er revidert på foreskreven vis.
- Veglagsformannen er ansvarleg for at vegen vert bygd etter dei krav som er sett til den vegklasse det er gjeve løyve og tilskot til.
- Veglagsformannen pliktar å sjå til at vegen vert vedlikehalden til den standard den opphavleg vart bygd i.



- Det vert vist til: "Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i landbruket" §5 "Tilskudd til veibygging".
- Og til: «Overordna retningslinjer for tilskot til skogsvegbygging og drift med taubane, hest o.a. i Vestland» fastsett av fylkesmannen i Hordaland, landbruksavdelinga gjeldane frå 1. februar 2019.

Vilkår

- Fylkesmannen viser til Skoglova og rundskriv til denne om skogeigar si plikt til å forynge skog etter hogst.
- Finn andre at dei kan nytta vegen til skogsdrift, skal dei ha rett til det, anten ved å kjøpa seg inn i vegen, eller betala leige.
- Skogareal som vert hogd blir planta til igjen slik at det vert drive eit utholdande skogbruk i området.
- Veglaget skal leggje fram byggeplan godkjent av kommunen før tilskot vert gjeve.
- Det skal ligge føre anbud og normalkontrakt for bygging av landbruksveg som grunnlag for tilskot.
- Vegen skal godkjennast før grusing

Utbetaling

- Løyvinga står ved lag fram til 1.6.2022
- Veglagsformann er ansvarleg for at det vert ført rekneskap for vegarbeidet, sjå rekneskapsinstruks på skjema for rekneskapsamandrag.
- Deler av tilskotet kan betalast ut etter kvart som arbeidet med vegen skrid fram
- Siste 10% av løyvinga vert ikkje betalt ut før veganlegget er ferdig godkjent
- Sluttutbetaling vert gjort etter at vegen er endeleg godkjent, og rekneskapen er revidert på foreskreven vis.

Dette vedtaket kan klagast på, sjå forvaltningslova § 29. Eventuell klage skal stilast til Landbruksdirektoratet og skal sendast FMLA seinast 3-tre-veker etter at dette brevet er motteke.

Med helsing

Christian Rekkedal
landbruksdirektør

Terje Natland
fylkesskogmeister

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Lindås Kvernhusmyrane 5914 ISDALSTØ
kommune 20